

Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8422 - 20/28391

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no


Dato:
14.05.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 11/74 Hølleland


Tiltak: Bod/anneks
Byggjestad: Gbnr: 11/74
Tiltakshavar: Helge Løland
Ansvarleg søkjar: Kålås Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.04.2020 om riving av eksisterande anneks og oppføring av nytt.

Situasjonsplan



Plankart



Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Søknad om dispensasjon

Tiltaket er plassert i strid med byggegrensa mot sjø og tiltaket krev derfor at det vert søkt om og gitt dispensasjon før søknaden om løyve til å etablere tiltaket kan takast til behandling.

Etablering av anneks er i strid med føresegn 3.1.2 i kommuneplanen for Lindås 2019 – 2031. Tiltaket krev som følgje av dette også dispensasjon frå denne bestemmelsen.

Naboerklæring

Annekset er plassert med avstand 1,5 meter til nabogrensa. Anneks vert rekna som bygning for varig opphald og fell ikkje inn under bestemmelsen i pbl § 29-4 3. ledd nr. b). Dersom kommunen skal godkjenna plasseringa må det liggja føre samtykke frå eigar av gbnr 11/99 eller så må det søkjast om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4.

Ansvarsrettar

Anneks er rom til varig opphald og tiltaket krev bruk av ansvarlege føretak. Alternativt kan tiltakshavar søkja som ansvar som sjølvbyggjar. Søknaden må supplerast med ansvarsrettar og gjennomføringsplan.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.06.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helge Løland
Kålås Bygg AS

Lønborglien 343
Torvhusmyrane 2

5039 BERGEN
5913 EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Kålås Bygg AS

Torvhusmyrane 2

5913 EIKANGERVÅG